

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FA - Q10, FE - 610, TI - &46	16/1385

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
61/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Kommunal tiltakspakke

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regeringa gjer i samband med revidert Statsbudsjett for 2016 framlegg om eit eingangstilskot på til saman kr 250 mill kroner for 2016 til vedlikehald og rehabilitering av vegar, bygg og anlegg som kommunen eig.

Siktemålet er å auke aktiviteten på Sørlandet og Vestlandet som særleg er ramma av nedgang i petrolyumsrelaterte næringar.

Tilskotet vert fordelt til kommunane utan søknad. Tilskotet skal brukast på tiltak som vert sett i verk i 2016, og som kjem i tillegg til allereie vedtekne tiltak i kommunen sitt budsjett for 2016.

Det vert lagt opp til ei enkel rapportering på bruken av midlane. Midlar som ikkje vert nytta i tråd med formålet må betalast attende.

Det er kommunar med arbeidsløyse i april på over 3,1 som får del i desse midlane. Meland kommune får kr 963 000,-

Vurdering

Det er mange aktuelle tiltak å bruke desse midlane på. Rådmann meiner det er rett å bruke midlane på prosjekt der vi har registrert behov for vedlikehald eller rehabilitering, men som ikkje har vorte prioritert til no, grunna tronge rammer. Vi har god dokumentasjon på vedlikehaldsbehovet gjennom arbeid med vedlikehaldsplan.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Rådmann vil utarbeide ei liste med aktuelle tiltak til formannskapsmøte 1. juni. Lista vil ta utgangspunkt i kjente veldikehaldsbehov det til no ikkje har vore økonomisk ramme til å ta tak i. Formannskapet vert inviterte til å gi innspel på aktuelle prosjekt ut frå lista vi legg fram.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding. Tiltak vert drøfta i formannskapsmøte.

Formannskapet - 61/2016

FS - behandling:

Notat frå sektorsjef teknisk vart delt ut i møtet.

Framlegg til vedtak:

"Formannskapet sluttar seg til framlegg til tiltak i prioritert rekkefølge:

1. Maling av Lerketunet og omsorgsbustadene (Tiltaket står i vedlikehaldsplanen men ikkje prioritert der). Erfaringsmessig inneber dette ein kostnad på kr 170 000,- for tomannsbustad. Anbod for eit større tal bygningar vil kunne redusere kostnaden.
2. Skifte taket på kyrkjestova, grovt rekna til kr 190 000,-. Eventuell etterisolasjon eller skifting av taksperrer er ikkje medrekna. Tette taket (supplere med takstein) står i vedlikehaldsplanen, pga hol og lekkasjar, men det er avdekkja mykje meir omfattande arbeid pga råteskader.
3. Ventilasjonsanlegg svømmehall Rossland. Står ikkje i vedlikehaldsplanen, då mindre innvendige utbetringer og reparasjonar er meint å gjere situasjonen tilfredsstillande. Grovt kostnadsrekna til kr 850 000,- for ein del år sidan.
4. Skifte gamle vindauge i rådhuset bygg A (trekkfulle vindauge, medfører energitap og er problematiske i høve solskjerming) (Tiltaket står i vedlikehaldsplanen men ikkje prioritert der)
5. Reparere fortauskantar og legge nytta dekke Havnevegen."

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

"Formannskapet sluttar seg til framlegg til tiltak i prioritert rekkefølge:

1. Maling av Lerketunet og omsorgsbustadene (Tiltaket står i vedlikehaldsplanen men ikkje prioritert der). Erfaringsmessig inneber dette ein kostnad på kr 170 000,- for tomannsbustad. Anbod for eit større tal bygningar vil kunne redusere kostnaden.
2. Skifte taket på kyrkjestova, grovt rekna til kr 190 000,-. Eventuell etterisolasjon eller skifting av taksperrer er ikkje medrekna. Tette taket (supplere med takstein) står i vedlikehaldsplanen,

pga hol og lekkasjar, men det er avdekka mykje meir omfattande arbeid pga råteskader.

3. Ventilasjonsanlegg svømmehall Rossland. Står ikkje i vedlikehaldsplanen, då mindre innvendige utbetrinigar og reparasjonar er meint å gjere situasjonen tilfredsstillande. Grovt kostnadsrekna til kr 850 000,- for ein del år sidan.

4. Skifte gamle vindauge i rådhuset bygg A (trekkfulle vindauge, medfører energitap og er problematiske i høve solskjerming) (Tiltaket står i vedlikehaldsplanen men ikkje prioritert der)

5. Reparere fortauskantar og legge nytt dekke Havnevegen.